



Tor Jarle og Marita Kjærland, far og dotter, har levert plastsekkerullar og informasjon om ny renovasjonsordning til 4500 husstandar.

**Marita og Tor Jarle Kjærland har den siste tida køyrt ut plastsekkerullar og brosjyre om den nye renovasjonsordninga til 4500 husstandar. Det er faktisk alle husstandane i Kvinnherad bortsett frå Halsnøy, Fjelberg og Varaldsøy. Far og dotter har fordelt jobben slik: Marita har område frå Uskedalen mot Mauranger. Tor Jarle har alt i søre del av Kvinnherad. Dei har brukt knappe to månader på dette oppdraget for SIM.**

No har det seg slik at Marita og Tor Jarle også har ansvaret for utkøyring og byte av renovasjonsdunkar i dei same områda. Tor Jarle har ført vidare det arbeidet far hans, Edvin Kjærland, hadde i si tid. Marita fekk dette ansvaret etter Bjarne Kletta.

Frå 9. april er renovasjonsordninga i SIM endra. Ved overgang til bilar med to kammer vil restavfall og bioavfall bli henta på ein og same dag. På en andre tømmedagen hentar bilen papiravfall og plastemballasje. Dunkane vert sett fram til vegen med opninga mot bilen. Alt dette er nøye beskrevet i brosjyren frå SIM og på den nye tømme kalenderen.

Det er gjort ei endring på køyreruta i Uskedalen. Korneset får tømning på måndagen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal,